Kultur og Humaniora nytt

Nr. 21, 19. april 2005

Eit meldingsark frå

Institutt for kultur- og humanistiske fag

Avdeling for allmenne fag, Høgskolen i Telemark

http://www.hit.no/af/kh/

Ansv. red.: Kristian Hanto
Bladfyk: Øyvind T. Gulliksen

Innstilling og studieplan til nytt masterstudium

Masterstudium i engelsk og norsk, fagdidaktisk retning

ved
Høgskolen i Telemark

Innstilling og studieplan



IKH/ ILU

Mars 2005

Få dagar etter at ny Stategisk plan låg på bordet, hadde Institutt for kultur- og humanistiske fag og Institutt for lærarutdanning ferdig svar på ei utgreiing som planen ber om.

Det var eit utval med medlemer frå dei to institutta og under leiing av Øyvind Gulliksen som på eit møte i Bø den 15. mars presenterte ei 50 siders innstilling om og studieplan til det nye studiet *Masterstudium i engelsk og norsk, fagdidaktisk retning* for dekanane ved avdelingane i Bø og på Notodden. Innstillinga gjer framlegg om at blir etablert eit toårig, tverrfagleg og fagdidaktisk masterstudium i engelsk og norsk ved HiT, og at ansvaret for studiet blir delt mellom IKH ved Avdeling for allmenne fag i Bø og ILU ved Avdeling for lærarutdanning på Notodden. De store skolefaga engelsk og norsk er integrert i alle deler av studiet. Utvalet meiner at studiet bør kome i gang hausten 2006.

I innstillinga frå utvalet blir studiet definert og planlagt etter dei krav som gjeld for etablering av nye mastergradsstudium. Masterstudiet vil vere det einaste i sitt slag i landet. Studentar og lærarar i skolen har alt ringt og spurt etter studieplan.

Writing for her life

I siste nummer av *American Studies in Scandinavia* (Volume 36:2, 2004), som blir gjeve ut av University Press of Southern Denmark i Odense, har Judtih M. Torvik ei fire sider lang bokmelding. Ho kjem med sine synspunkt på ein biografi om den amerikanske forfattaren Mildred Walker (1905–1998), skrive av dotter til Walker, med tittelen *Writing for her life* (University of Nebraska Press, 2003). Torviks essay om denne biografien inneheld ei rekke tankar om kva som skjer når døtrer skriv om mødrer, for – som Torvik skriv – ”the daughter is not a casual observer”.

Populære vikarar på engelsk: Christina Sandhaug og Jan Erik Mustad

For den som er van med å sjå Peter Fjågesund kome ut frå kontoret sitt på sokkeleisten, har det tatt tid å venje seg til at det har kome ein annan skapning ut av døra hans inst i gangen. ***Christina Sandhaug*** *starta som vikar for Fjågesund hausten 2004, da han tok over som direktør på studiesenteret i York. Ho er cand. philol. frå Universitetet i Tromsø, der ho òg har undervist. No har ho eit års permisjon frå eit stipendiat i britisk litteratur på Universitetet i Oslo, men ho skal tilbake dit etter at vikartida hos oss er omme. Ho har besteforeldre frå Telemark og beltestakk. Trivst ho på instituttet?*

-- Hausten var slitsam. Eg hadde britisk litteratur og kultur på årsstudiet og mellomfagsemnet i romantikken. No går eg gjennom britiske tekstar frå renesansen og oppover. Det er nok i renessansen eg trivst best. Når eg ikkje underviser på instituttet, skriv eg på ei avhandling om det britiske hoffteateret på 1600-talet. Engelsk drama på denne tida er ikkje berre Shakespeare.

– Du kan altså sitje på bygda i Noreg og tenkje hoffteater i London?

-- Ja, det er ikkje umogeleg. Dei teaterstykka eg skriv om kallast ofte *court masques* og er korte teaterstykke frå aristokratisk engelsk overklasse på 1600-talet. Stykka blei tinga av hoffet og framførde der. Som mykje anna kunst frå den tida var tekstane tinga av rikfolk, i dette tilfelle hoffet. Dei var teater som ein del av maktutøvinga, om ein vil. Ein slag *musikal* som underhaldning ved tilstellingar ved hoffet på den tida. Eg er interessert i retorikken i desse stykka. Få les dei i dag. Sjangeren var typisk engelsk og den døydde ut etter 1660.



– Har studentane i dag sans for slike drama? Kan ein drøyme seg attende til britiske hoffsirklar frå eit undervisningsrom på høgskolen?

-- Tja, kvifor ikkje? Så vidt eg veit har ingen studentar på dette nivået lest slike tekstar før. Det blir i alle høve spennande å la studentar få bryne seg på George Chapman's *The Memorable Masque*, som blei oppført som ein del av den storfelte feiringa av bryllaupet mellom prinsesse Elizabeth og Fredrick av Palatin i 1613. Dette giftarmålet var ei politisk storhending, og mange protestantar fryda seg over James I sitt val av svigerson. Det er pikant nok!

Jan Erik Mustad *underviser for tida i amerikansk litteratur og kultur, men er – som Christina – mest oppteken av britiske studiar. Han har vore i Høgskoleforlaget i Kristiansand i mange år, og har undervist i britisk kulturkunnskap både ved Universitetet i Oslo og på Høgskolen i Agder. Mustad kan ein stundom høyre på NRK, der han kommenterar britisk politikk og samfunn.*



-- Korleis kjennest det å flytte fagområdet eit år over til ein av dei gamle koloniane (USA)?

-- Ja, dette året har eg flytta interesseområdet mitt over Atlanterhavet. Sjølvstendefråsegna frå 1776 kan vere artig lesnad for ein som er så hekta på britisk politikk og historie som det eg er! No blir det meir Bush enn Blair, for å seie det slik. Eg har brukt innsettingstalen til Bush for å drøfte retorikken med studentane. Storpolitiske talar i USA har ein heilt annan retorisk tradisjon enn hos oss, eller i Storbritannia for den del. Det er viktig at studentane får tak i det.

– Du har lenge vore oppteken av kulturkunnskap som disiplin i engelskfaget. Blir den skvisa ut på grunn av nye reformer?

-- Det kan stundom sjå slik ut, men eg trur det ikkje. Det er litteraturstudiar og lingvistikk som står mest sentralt i engelskfaget, og der det no kjem nye BA-grader. Kulturkunnskap må finne sin plass her, og her er det meir som må gjerast innafor det britiske feltet enn innafor det amerikanske, der dei alt i mange år har satsa på eit vidare tekstomgrep. Saman med to kollegaer har eg no skrive ferdig ei ny lærebok for universitet og høgskole. Boka kjem til hausten og har tittelen *Texts in Time: British Cultural Narratives from Defoe to Blair*. Den boka representerer ein ny måte å tenkje tekstorientert britisk kulturkunnskap på.

– Og utover dette?

-- Eg har to prosjekt som eg gjerne vil arbeide meir med, viss eg berre hadde meir tid. Det eine er om protestantismen i Nord-Irland, og det andre er om utvikinga i det britiske arbeidarpartiet, ”The Newness of New Labour” har eg kalla det. Men no er det amerikansk kultur for alle pengane. Eg trivst med hyggelege og motiverte studentar på engelsk.

Innvandring, innvandringspolitikk og holdningar til dei ”framande”

I KH-nytt vil vi i tida framover presentere ulike kurs på instituttet som vi meiner har stor interesse for fleire enn dei faste studentane på faget. Eit slikt kurs er Olav Rovdes fordjupingsemne i historie dette vårsemesteret, om innvandring til Noreg. Fordjupingsemnet har tittelen: *Innvandring, innvandringspolitikk og holdningar til dei ”framande”*. Dette er eit emne som kan passe inn i fleire BA-grader ved HiT, og det kan vere til nytte for folk som arbeider med innvandrarar og flyktningspørsmål i kommunane.

Rovde har tatt for seg innvandringshistoria i Noreg frå om lag 1860 og fram til i dag. Emnet har vore delt inn i fleire fasar og enkelttema. Først kjem ein liberal periode, men i siste del av 1800-talet då m.a. den finske og den svenske innvandringa til landet skaut i veret, og då nasjonsbygginga vart viktigare, vart det skapt grunnlag for eit strengare regulerings- og kontrollregime. Etter hundreårsskiftet kom det fleire nye lover om dette. Samstundes vart det drege eit skarpare skilje til ”dei framande”, og både kvenane og samane vart utsette for omfattande fornorskingstiltak. Mellomkrigsåra var også ein periode då rasistiske holdningar fekk gjennomslag i den offentlege debatten.

Emnet har tatt for seg både krigsåra – m.a. politikken overfor jødane – og den tidlege etterkrigstida, men med hovudvekt på perioden etter slutten av 1960-åra, då Noreg blei eit innvandringsland. Innvandringspolitikken blei no eit viktig debattema – det galdt både omfanget av innvandringa og korleis dei nye folkegruppene, særleg dei ”framandkulturelle”, skulle innpassast i det norske samfunnet, og spenningar som her har oppstått mellom ynskje om integrasjon og idear om eit fleirkulturelt samfunn.

Rovde har undervist i dette emnet før, men har no fått svært god hjelp av det store verket som Knut Kjeldstadli har vore hovudredaktør for, *Norsk innvandringshistorie*, i tre store band (2003). Pensumet i emnet er samla i eit kompendium sett saman av artiklar og utdrag frå bøker. I tillegg er det laga til ei kjeldesamling. Her finn ein fleire lovtekstar (utviklinga av framandlovene), samt ei rekkje tekstar om flytting, framandfrykt, om arbeidsliv og lokalsamfunn.

Leiing i lokalt musikk– og kulturliv

- er emnet for studentane ved et fleksible deltidsstudiet i musikk- og kulturadministrasjon når dei denne veka er i gang med 4. og siste samlinga i modul I, under den faste handa til Bjørn Kvist.

Gjennom desse dagane vil dei få førelesingar om metode ved **Herleik Baklid**, om drifting av kulturhus ved **Svein Arntsen**, om å administrere eit kulturtorgarrangement ved **Trond Villa** og **Kjell Stundal**, om IT - undervisning og tid for leiing ved **Bjørn Kvist** og **Nils-Erik Norvall**, om norsk kulturpolitikk ved **Sture Kvarv**, om verksemda i Norsk kulturråd ved **Guri Skjeldal** og om leiingsteoriar knytt til konsert- og kulturarrangering i lokalt kulturliv ved **Inger Anne Westby**.

Etter førre samlinga oppsummerte tillitsstudentane **Sissel Grøndahl** og **Tarjei Fjørtoft** studiet så langt overfor KH-nytt: 1. samlinga var fantastisk. 2. samlinga svikta litt på koordinering og rettleiing. 3. samlinga hadde eit svært godt opplegg med betre kontroll, strammare opplegg og betre oppfølging.



Grøndahl og Fjørtoft var også med i utvalet som planla modul II i studiet, *Kultur, administrasjon og leiing*. Dei går begge god for eit opplegg dei meiner er spennande og meir fokusert på leiarrolla. Dei meiner utvalet har fått sydd saman ein imponerande heilskap av mange studentønske.